


HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1935 - 1945

UTGITT AV MUSEUMS- OG HISTORIELAGET
FOR HAUGESUND OG BYGDENE

HAUGESUND 1946

SENTRALTRYKKERIET A/S, HAUGESUND



*Biletet er av den gamle lensmannsgarden på Utgarden.
Den er no selt til nedriving.*

Karmøy-Museet.


Av SIGURD JAKOBSEN

Opptaket til Karmøy-Museet var gjort av den kjende Karmøy-læraren Elias Dyrland, frå garden av same namn i Ferkingstad sokn.

I 1913 kalla han saman framståande og interesserte menn frå heile øya til eit møte i Kopervik. Det møtte om lag 60 mann. Her vart det vedteke å skipa eit museum, med noko av det Dyrland hadde samla som grunnstamme. Det var om lag 200 nr.

Samlinga auka noko frametter, og fekk rom i den gamle skulen i Kopervik. Men i si tid fekk skulen bruk for romet sjølv, og samlinga vart då sett inn i eit lite kammers, så det var uråd å syna noko fram.

I 1925 vart det etter samråd med Dyrland og dei andre som sto føre samlingane, særleg då bakarmeistar Carl Lundberg, vedteke å



Frå Karmøystova med Torfæus-senga.

flytta det heile til Utgarden Fylkesskule. Her tok Sigurd Jakobsen og Leiv Rosseland hand om arbeidet. Samlingane auka munaleg år for år, og i 1927 vart det halde opningsgilde. Museet hadde då nokre rom i øvste høgda i internatet.

I 1930 fekk ein løyve til å nytta den gamle lensmannsgarden i Avaldsnes til museum. Bygnaden står midt i tunet på Utgarden, skriv seg frå 1750 åra, og høvde utifra til dette.

Her vart skipa til ei Karmøystova, der senga åt Tormod Torfæus hadde heidersplassen. Dei andre roma vart nytta som i lokal-samlingar flest.

Av stykke som er særleg verdfulle, må nemnast den gamle bibelen frå 1550, ein av dei første 95 biblane på dansk mål som fann vegen til Norge. Dessutan hadde ein preikestolen frå den gamle kyrkja på Ferkingstad. Han er arbeidt i flatskurd med rosemåling, og skriv seg frå 1650 talet. Denne vart i 1940 deponert i Stavanger Museum.

Då krigen kom hadde Karmøy-Museet om lag 1000 nr., bra ordna

og katalogisert. Etter at Sigurd Jakobsen flutte frå Utgarden var det fylkesskulelærer Vigleik Rosseland som styrde med samlinga.

Styret har sidan Museet kom til Utgarden hatt desse med: Vigleik Rosseland, J. S. Jakobsen, Leiv Rosseland, Sigurd Jakobsen og ordførar h. v. Kristian Lundberg, som var oppnemnd av departementet.

Samlingane vart godtsom øydelagde av tyskerane, som tok heile Utgarden fylkesskule. Her, som alle andre stader, synte herrefolket sin høge kultur i gjerning! — Det som er att, og som er brukande, er overgjeve Haugesunds Museum.*) Karmøy-Museet si saga er ute, og der er vel heller lita von om at arbeidet nokongong vert oppatteke. Vonleg vil Karmøybuen samlast om Museumslaget for Haugesund og bygdene og tenkja på dette når ting av sogeverd kjem fram i dagen.

*) Styraren av museet i Haugesund har saman med fylkesskulelærer Rosseland og red.sekretær Jakobsen fare yver det som er att av Karmøymuseet, og teke ut det som det er råd å berga. Det vart den 6. mai i år køyrt til Haugesund og er fyrebels sett i magasinet åt Haugesund museum. Nærmare melding om denne samlinga vil truleg koma i neste årshäfte. N. H. T.